

# Møtereferrat

**Møte:** Møte AU Midt-Norge  
**Tid/Sted:** Måndag 29.08 kl 12 - kl 18.30 og tysdag 30.08 kl 12 - kl 15  
**Tilstede:** Ragnar Omli, Olav Håkon Ulfsnes, Ragnar Valstad, Rigmor Hustad, Kolbjørn Frøseth, Arnt Ove Løvås, Trine Hasvang Vaag og Roy Albertsen  
**Forfall:** Trude Sandstad Eldnes og Rigmor Hustad (dag 1)  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 30. august 2016

## Felles møte med leiargruppe Region Midt 29.08 kl 12 – kl 16:

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Kort rapporteringsgjennomgang av dashboard, tiltakslistor og målkort</b>            Silje orienterte frå medlemssenter og gris. Roy orienterte frå småfe og storfe. Bjørn og Arnodd hadde forfall.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Er det utarbeidd standardisert skisse for ombygging av kyllingfjøs til slaktegrisproduksjon? Var sagt det skulle gjerast i prosessen med kylling. Bør informerast til kyllingprodusentane i Trøndelag.</li> <li>Adm må vere tøffare og tydelegare på at det er behov for slaktegrisprodusentar no, med overskot av smågris. Må ivareta regionen sin andel av produksjonen i landet.</li> <li>Ynskje om at AU får tilsendt utsnitt av målkortet ein gong for månaden.</li> </ul>	<p>Magne</p> <p>Roy</p>
2	<p><b>Orientering frå egg og kylling</b>            Brit orienterte frå egg. Magne hadde forfall. Arnt Ove orienterte frå produsentane. Ynskje om oppfølging av produsentane som er sagt opp. Gjort mykje bra. 31. desember frist for øvrige produsentar for å melde omstilling.</p>	
3	<p><b>Medlemspanelundersøkinga</b>            Roy presenterte oppsummeringane og tiltaksplan for Region Midt.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Burde vore spm i medlemspanelet i kva grad medlemmane er fornøgde med dei tillitsvalde.</li> </ul>	
4	<p><b>Innspel til Handlingsplan 2017 – tiltak og aktivitetar</b></p> <p><u>Innspel:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Opplæringsprogram rådgjevarar: Viktig med dyktig faglege og folkelege. Beredskapsplan: Psykiske lidningar og dyrevern må ivaretakast. Manglar noko spesifikt rundt kylling, både dei som får tilbod om utkjøp og dei produsentane som vert att.</li> <li>Transportør som info kanal: Er det lurt? Kan få trøbbel med for sterk binding til produsent, jf kraftfôr.</li> <li>Er inntransport i eige selskap vurdert?</li> <li>Informasjon, der vi behandlar folk med respekt, er viktig.</li> <li>Viktig med tydelegheit i kommunikasjonen til kyllingprodusentane, jf behov for slaktegrisprodusentar.</li> <li>For lite fokus på informasjon, i Nord-Trøndelag oppfatta som mest fokus på</li> </ul>	

- kylling.
- Viktig at vi som tillitsvalde løftar diskusjonen, ser heilheita og framhever samvirke.

---

#### 5 **Fabrikkinfo/sesonginfo så langt**

Roy orienterte om tilførsler, marknadsandelar, slaktesesongen på småfe så langt. Ca 1 700 fleire småfe slakta så langt i sesongen i fht fjoråret.

##### Spørsmål/kommentarar:

- Korleis vil nye teljedatoar slå inn på slaktetidspunkt?
- AU bør foreslå at saueslaktinga/perioden med effektivitetstillegg bør skyvast lenger ut på hausten.
- Er planlagt møte for kyllingprodusentane i slutten av september.
- Midt har behov for auka bemanning på egg og kylling, inkl veterinærtenester.
- Adm og AU-medlem med ressursgrupper på dei respektive produksjonane bør få til møte tidleg i haust for innspel til handlingsplan 2017.

Tilførsel  
+ AU

---

#### 6 **Eventuelt**

- Rykter om høgt sjukefråver på Steinkjersanlegget. Brit Kari sjekkar.
- Nødspektordninga: Fellesavtalen sagt opp, skal jobbe fram ny avtale.
- Agrisjå 2017: Roy orienterte kort.
  - Ynskje om Medlemsbutikk med sal av våre produkt.

Brit Kari

## Separat møte AU Midt-Norge 29.08 kl 16.30 – kl 19.00 og 30.08

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Situasjonen i eggneringa i Midt-Norge</b></p> <p>Ragnar innleide om at konkurrent jobbar for nyetableringar i Midt-Norge. I tillegg aukande etterspørsel etter egg frå frittgåande produksjon. Frode Vik, driftssjef medlem egg, orienterte om reguleringslageret. Planlagt import til industri frå veke 42. Størst vekst i sal av industriprodukt av egg. Også der aukande etterspurnad etter egg frå frittgåande produksjon. Marknadsandel på 72,2 %. Prognose for 2017 klar 7. september. 3-4 kyllingprodusentar i Nord-Trøndelag har meldt ynskje om å etablere eggproduksjon.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er kapasiteten utnytta i dei husa som finnast?</li> <li>• Viktig at kyllingprodusentane som er utkjøpt vert prioritert ved evt tilbod om nyetablering på egg.</li> <li>• Viktig omdømmebygging for Nortura i Midt-Norge dersom vi viser at vi er frampå, samt tek vare på dei kyllingprodusentane som må slutte.</li> </ul> <p><b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. AU oppfordrar adm til å vere offensiv ved nyetablering av eggproduksjon, og ser med bekymring på at Midt-Norge skal tape både på egg og kylling.</b></p>	
2	<p><b>Orientering frå styremøte 22.08 – 24.08</b></p> <p>Trine orienterte kort om avtalen med KLF, som ser ut til å verte godt mottatt særleg frå Venstre og KrF. Brukbar grillsesong. Fabrikkstruktur sørvest: Ynskjer å satse, men hastar ikkje så mykje å flytte frå Forus, så styret vil gjennomføre andre prosjekt med rask payback. Ny fabrikk no utsett 2-3 år. Situasjonen på egg i Trøndelag var orientert om i styret. Brev frå kyllingringen i Midt-Norge tatt opp. Lam: Eksport av store lammelår er aktuelt. Prøver å finne produkt av lam som tiltaler yngre forbrukarar, i dag 40 + som et mest lam.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p>	

- Vert det satsa på lam til halal-marknaden?
- Korleis vert det jobba i Kjøttcompagniet?
- Konsept på grasføra, på tvers av dyreslag, er det diskutert?

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**3 Planlegging av Regionutvalsmøtet 01. – 02.11**

Brit Kari orienterte om tidsrammene, og ba om innspel til agenda.

Innspel:

- Reknar med at det vert orienteringar om situasjonen vedk kylling og egg.
- Ynskje om orientering om kva produksjonane bidreg med til resultatet, evt på fabrikknivå.
- Tema: Invitere politikarar til debatt om Landbruksmeldinga på kjøt- og eggsektoren, for påvirkning og 2-vegs kommunikasjon. Trine kan leie debatten. Olav Håkon, Trine og Kolbjørn jobbar vidare med dette, med Olav Håkon som ansvarleg.
- Tema: Visjon og strategi til Nortura på lokalmatproduksjon i Midt-Norge, ved Kjøttcompagniet
- Fabrikkinfo
- Adm må delta på møta med dei separate dyreslaga, som support
- Ynskjer Lisbeth Svendsen frå KL, og Trine og Oddveig frå styret.
- Underhaldning: Kommunikasjon oss bønder i mellom, snakke kvarandre opp eller ned, korleis presentere oss som matprodusentar, korleis oppfatta utad.

Olav  
Håkon

Rigmor

**Vedtak: Administrasjonen jobbar vidare med planlegginga av Regionutvalsmøtet.**

---

**4 Orientering frå arbeidet i fagutvala**

Kolbjørn orienterte om at fagutval egg ikkje har hatt møte, planlagt i oktober. Hatt sosial samling i regionen.

Arnt Ove orienterte om møter i fagutval kylling i juni og august, med nye produsentavtalar. Opptatt av struktur på slakting og produksjon. Strengare krav til produsentane. Kjedespesifikke produkt. Arbeidsgruppe om framtidig kyllingproduksjon klar denne veka, før styrebehandling i slutten av september.

Ragnar V orienterte om at det ikkje har vore møte sidan i vår i fagutval småfe, skal ha møte snart. Tema vert auka sal av lammekjøt.

Rigmor orienterte om at det ikkje har vore møte sidan i vår i fagutval gris.

Spørsmål/kommentarar:

- Storfe: AU etterspør prognosar for markedssituasjonen på storfe i lenger perspektiv. Utsiktene for markedsbalanse?
- RU-leiar og nestleiar har ikkje noko forum, saknar dette.
- Vil framheve at det skjer ein del på produktutvikling på sau/lam.
- RU-leiar og nestleiar burde få tilsendt referat frå både fagutvala og styremøta, m.a. som førebuing til kretsmøta.

Brit Kari

Brit Kari

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**5 Referat frå AU-møta – utforming**

Trine ynskje ein diskusjon om referatforma. Skal referata vere slik at ein skal lese seg opp ved forfall? Kor mykje kan det refererast om?

Innspel:

- Opplyse om kva som ikkje skal protokollførast, ellers mest mogeleg openheit.

**Vedtak: AU ynskjer at referatforma vert om lag som før.**

**Eventuelt**

- Vedtektsendring: Olav Håkon har forslag om presisering i formålsparagrafen. Sender forslag til AU, for oversending til vedtektskomitéen i løpet av veka.
- Brit Kari orienterte om forslag til ny giv i kretsarbeidet.
  - Kan godtgjersle gjerast om til inntekt, jf fri frå anna arbeid og pensjonspoeng.
  - AU-medlemane bør brukast i kontakt/oppfølging av kretsane sine, positivt å verte pålagt dette. Gjerne fellesmøter for kretsutvala.
  - Spørsmål om dagens kostnad med møter i kretsutval.
- AU ynskjer at det vert oppfordra til eigarmøter no i november med deltaking frå AU, evt møter i kretsutval.
- Møter for kyllingprodusentane: Slutten av september. Ragnar O og Trine vil delta.
- Møte AU Midt 03.10 kl 10 – kl 12. Møtet 26.10 utgår pga AU-møte 31.10, før RU-møtet 01. – 02.11.

Olav  
Håkon